

Fra: Tone Stedal Haugland (Tone.Stedal.Haugland@hfk.no)

Sendt: 19.10.2016 11:03:56

Til: 'Rannveig Djønne'

Kopi: Hilde Joranger Mæland; Ronny Skaar (Ronny.Skaar@hfk.no)

Emne: SV: Stipender folkemusikk/folkedans

Vedlegg:

Hei igjen Rannveig,

No har eg fått snakka med Ronny og kommunikasjonsavdelinga vår. Eg skreiv i førre e-post at vi ikkje har gjort dette før - det er både rett og galt. Vi har jo andre kunstnarstipend som vi har delt ut gjennom mange år. Vi har gjennom åra landa på at vi ikkje gjer så mykje styr rundt desse. Dei siste åra har dei berre fått eit vanleg tilsegnssbrev i posten. Det er jo stipend dei har søkt på og ikkje prisar - og moderate summar...

Men vi ser at det kan vere positivt å gje stipendmottakarane litt meir merksemrd enn vi har gjort dei siste åra, og det er fint med merksemrd også om folkemusikkstipenda spesielt i år då det er første gongen dei vert delt ut. Vi er glade for markeringa ved opninga v Osafestivalen og dykkar innsats, og er opptekne av at det skal vere tydeleg er Hordaland fylkeskommune som er tilskotsgjevar og politiakarane som har gjort vedtaket.

-Vi tek oss difor av å kontakte dei som har fått stipend, og lager eit fint brev + blomster dei får ved utdelinga. Ronny / eg gir innspel til Beate Husa sin tale.

Kommunikasjonsavdelinga vil ta seg av pressemelding (i etterkant) slik dei brukar å gjere. Vi lager klårt materiale til dei (ut frå innstillingane og søkerne), og sender biletar frå utdelinga. Pressemeldinga vert sendt ut mandagen etter. Om du / de har meir / anna info om kandidatane enn det eg har tilgjengeleg kan du gjerne sende det til meg - og eg vidare til kommunikasjonsavd. Vi vil ikkje sende ut ein formell invitasjon til pressa i førekant, men om du /de ønskjer å tipse til lokalpressa om utdelinga i forkant - er det heilt flott. Dette vert vel også ein del av pressearbeidet til Osafestivalen.

Vi gler oss!

Helsing Tone

Tone Stedal Haugland

Seniorrådgjevar

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Kultur- og idrettsavdelinga

Seksjon for kunst- og kulturformidling

Tlf 55 23 91 92

Tone.stedal.haugland@hfk.no

hordaland.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Tone Stedal Haugland

Sendt: 14. oktober 2016 11:00

Til: 'Rannveig Djønne' <rannveig@olebull.no>

Emne: SV: Stipender folkemusikk/folkedans

Hei Rannveig,

Ja saka gjekk rett gjennom - og i formøtet til KIRU gav politikarane uttrykk for at det var ei fin og svært positiv sak.

Flott at du tek tak i dette - vi har jo ikkje så mange rutinar på korleis akkurat dette skal gjerast sidan det er første gong. Og supert at du kan gjere litt arbeid med presse(stoff) og sånn. Ronny er tilbake frå ferie på mandag, så eg skal diskutere litt med han - og evt kommunikasjonsavdelinga vår om dette, så kjem eg tilbake til deg.

Helsing Tone

Tone Stedal Haugland

Seniorrådgjevar

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Kultur- og idrettsavdelinga
Seksjon for kunst- og kulturformidling
Tlf 55 23 91 92
Tone.stedal.haugland@hfk.no
hordaland.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Rannveig Djønne [<mailto:rannveig@olebull.no>]
Sendt: 13. oktober 2016 10:59
Til: Tone Stedal Haugland <Tone.Stedal.Haugland@hfk.no>
Kopi: Jo Asgeir Lie <joasgeir@olebull.no>; Tormod Kleiveland <tormod@osafestivalen.no>; Ronny Skaar <Ronny.Skaar@hfk.no>;
Agnete Sivertsen <agnete.sivertsen@hvm.museum.no>
Emne: Stipender folkemusikk/folkedans

Hei!

Høyrde at saka om folkemusikkstipend gjekk greitt igjennom i går. Tenkte å avtala litt praktiske ting med deg i høve kven gjer kva. Du veit korleis de brukar å gjere det.

- Kontakt med stipendvinnarar. Gje nærmere informasjon om prisutdelinga, få tak i bilet til pressemeldingar m.m. og sjølvsagt informera om at det er hemmeleg fram til stipendutdelinga.

- Førebu pressemeldingar:

1. Ei enkel pressemelding om stipenda og at dei vert delt ut under opninga av Osafestivalen. Invitasjon til pressa. I samarbeid med festivalleiar Tormod Kleiveland.
2. Ei større pressemelding om prisvinnarane som vert sendt ut rett i etterkant av utdelinga (Evt. i førekant med sperrefrist, men det kan vera litt risky:)

- Førebu prisutdelinga. Har de noko synleg diplom o.l. for stipenda som kan brukast? Sjå nærmere på teksten til Beate Husa og gje ho informasjon kring prisutdelinga i samarbeid med festivalleiar Tormod Kleiveland.

- Utbetaling av stipenda. Her har vel de rutinar på det.

Eg kan gjera det du ynskjer her! ...bortsett frå å betala ut stipenda :)

Eg lurte litt på om me skulle gje tilbod til stipendvinnarane om at dei kan få noko hjelpe av prosjektet "Hardingfela" til vidare framdrift og synleggjering. Det er ikkje alle vinnarane som er like rutinerte på vidare søknadar til Kulturrådet og slikt så kanskje noko mentorhjelp kunne ha vore nyttig. Som ein ekstra bonus til sjølve stipenda.

Beste helsing
Rannveig Djønne